

Referat frå foreldremøte i 6. og 7. kl 9.9.2014

Studiefag: naturfag-samf.fag-rle: Elevane skal læra noko om korleis dei lærer best. Finns mange læringsstrategier, dei bør prøva fleire strategiar. (I år er det bøkene for 7. kl)

Bjørghild har leselekse og hugsespm. i faga for at elevane skal vera førebudde til timane. Flott om foreldra sjekkar at desse leksene vert gjort, fort å «hoppa over». Underskrift frå foreldre på prøvar og anna arbeid Bjørghild. Ein god måte for foreldra til å følgja med/følgja opp.

Prosjektveke i veke 40 for heile skulen.

Matstova: Bjørghild har dei i dette og synest det er veldig kjekt. 25.9 er første gong med matstova. Pengane elevar tener på dette, vert brukt til lommepengar til leirskulen.

Ulike tema for kvar gong. Lagar mat frå grunnen. Til no har dei laga fruktgraut, smuldrepai, eplekake og plommesyltetøy. Tema var då «frå naturen». Har også laga fiskekaker og fiskepinnar med tema «fisk». Andre tema er: sunn mat, samisk mat og julemat.

Aktivitetskalender: ligg på Myking skule si heimeside.

- Turdag fredag 12.9: elevane skal sykla til Smørddal. Felles opplegg med tur til Selivarden. Der vert det det litt mat. Ha ekstra niste og kle elevane etter veret. Eige skriv vert sendt heim.
- Konferansetimar i veke 39. Eige skriv kjem.
- Sømjing vert ikkje før etter vinterferien.
- Studentar frå NLA kjem til å vera med i 6. og 7. kl. Studentane har teieplikt.
- Kampanje «**Vaksne skaper vennskap på nett**». «Det du er kan du gjera noko med». Manifest mot mobbing. Målet er å få fleire vaksne til å engasjera seg meir, også på nett. Fokus på dette på skulen. Det vi som vaksne kan gjera ved mobbing: gje støtte, be elevane om å ikkje svara på opprørande meldingar, blokker avsendar, ta vare på «bevis» (logg, SMS, screenshot), løys problemet på lågaste nivå først ved å ta kontakt med den det gjeldt el skulen. Hugs at anonym mobbing kan sporast. «slettmeg.no» kan hjelpa deg om nødvendig.
 - Ver ein god rollemodell, snakk med barnet om nettvettreglar. (sjå Barnevakten sine sider). Veileder om barn og media vart delt ut.

Leirskulen: Elevane skal til Voss leirskule i veke 8. Dette er ein vinterleirskule. Eige skriv vart delt ut. Kjem til å ha eit foreldremøte før leirskulen.

Trivsel- og ordensreglementet ved Myking skule må foreldra gjera seg kjend med. Eige skriv vart delt ut. Enkelte punkt vart tatt opp. **Skal mobil vera med på skulen, må eleven ha melding om dette.**

Ref: Bente Fimland

Klasseforeldremøte for 7. kl

- Fagplan i norsk, matte og engelsk vart vist fram.
- Dataoppgåver vert viktige i faga. Skriv både på skulen og heime, sender til Janne Kari på nettet. Får tilbakemelding og rettar og skriv ferdig. Evt datatrøbbel heime, kan ordnast ved å gjera arbeidet i arbeidstimen på skulen om onsdagane.
- Prioriter bøker, ikkje teikneseriar, som litteratur til lesinga.
- Gymlærar ber om at foreldra oppfordrar til «reduisert gym» i meldingsboka, istadenfor å fritta for gym. Så kan gymlærar tilrettelegga.
- Spel i matteleksa er bra ☺
- Kjøring i privatbiler. Godkjenning 1 gong pr. skuleår.
- LUS – det er no tida for lus. Sjekk barna gjevnleg.
- Jentene får tilbod om vaksine mot eggstokkkreft. Husk å levere lapp.
- Adventskalender – pakkekalender dersom elevane vil. Den skal innehalde ei gåve til max. 30 kr og ikkje «etane».

- Foreldrepraten: Bruk av mobiltelefon
Forslag til samtale spørsmål ein kan bruke saman med barnet heime (kjelde: www.foreldrepraten.no/fakta-og-rad):
 - ✓ Hvordan kan man bruke mobiltelefonen på en positiv måte?
 - ✓ Hvem skal betale for mobilbruken?
 - ✓ Hva bør man tenke på før man laster ned ringetoner, bilder eller benytter andre innholdstjenester? Vær kritisk til hva du laster ned, og les avtalevilkårene før du bestiller noe på mobilen.
 - ✓ Hvem er det greit å oppgi telefonnummeret til? Vær kritisk til å oppgi personopplysninger, eksempelvis i konkurranser. Det kan føre til at man mottar mye reklame i etterkant.
 - ✓ Når skal telefonen være av/på?
 - ✓ Hva bør man tenke på dersom man vil ta bilder av andre? Barn opp til 15 år må innhente tillatelse fra både personer på bildet og deres foresatte dersom bildet publiseres på nettet eller sendes til andre personer enn avbildede.
 - ✓ Hvilke regler for mobilbruk gjelder på barnets skole?
 - ✓ Hva gjør barnet dersom det opplever noe ekkelt eller leit på mobilen? Det kan eksempelvis være mobbing, skremmende meldinger eller vokseninnhold.

Når vaksne tek bilete med mobilen, og legg ut på sosiale medier: «I følge åndsverksloven skal barn under 15 år ha foreldrenes løyve for å legge ut bilder av seg selv på nettet. Hvis man vil legge ut bilder av venner som er under 15 år, så er det foreldrene til den avbildede som har det siste ordet. Den avbildede skal selvfølgelig også spørres.» Dette gjeld også avslutningar ved skulen.....

Andre moment som kom fram under samtale:

- Det er lurt at barnet ikkje har telefonen på soverommet
- Det går an å legge vekk telefonane, når ein for eksempel har besøk
- Dei lærer mykje
- utfordringar med å ha kontroll med bruken

- Filter
- Press på å ha dyr og avansert mobil

Viktige stikkord: **tilstedeværelse, bevissthet, rollemodell og samtalar** med barna.

På ein plakat i ein barnehage sto det: «Dette er ditt viktigste møte i dag. Legg vekk mobilen!»

Ref: Bente Fimland og Janne Kari G. Eknes

